

## Namn på skulen: U. Pihl videregående skole

## Tal elevar skuleåret 2016/17:

**1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring****Skulen si vurdering i lys av:**

Prosentdel fullført og bestått

Prosentdel stryk og IV

Gjennomsnittleg frávær

Prosentdel sluttarar

**1.1 Prosentdel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag**

2015/16	80,7%
2016/17	87,4%

**1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen**

		Prosentdel stryk	Prosentdel IV
Termin 1	2015/16	15,03%	9,48%
	2016/17	10,9%	15,02%
Termin 2/standpunkt	2015/16	7,57%	7,89%
	2016/17	11,26%	5,3%
Eksamen	2015/16	5,2%	
	2016/17	8,39%	

**1.3 IV grunna høgt frávær 2016/17**

Tal IV grunna høgt frávær – Termin 1	8,65%
Tal IV grunna høgt frávær – Termin 2/standpunkt	5,96%%
<i>Korleis vurderer skulen konsekvensane ny fráværsgrense gir for elevane sitt læringsutbytte og fullføring?</i>	
<b>Fleire elevar fullfører i høve til året før, men fleire stryk og færre får IV.</b>	
<i>Har skulen sett i verk tiltak etter termin 1 for å redusere tal IV? Kva effekt har tiltaka hatt?</i>	
<b>Skolen har teke dette opp i trinnmøte mellom kontaktlærarane.</b>	

**1.4 Gjennomsnittleg frávær**

2015/16	timar	21,22
	dagar	10,65
2016/17	timar	Ikkje registrert i Hjernen og Hjertet
	dagar	Ikkje registrert i Hjernen og Hjertet

**1.5 Prosentdel sluttarar: Avbrottsdato frå 1/10**

2015/16	1,5% reelle sluttarar
2016/17	2,58% reelle sluttarar

**1.6 Årsak til avbrot – «anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt»**

Kor mange elevar er registrerte med avbrotskoden «Anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt» og kva ligg bak desse tala?

**Kun 1 elev.**

**1.7 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2017/18**

***Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?***

Andelen elevar som har fullført og bestått har auka med over 7 prosentpoeng.

***Forsking viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?***

Skolen har starta eit samarbeid med grunnskolane i Åsane.

U. Pihl vgs kartlegg elevar frå ungdomsskolen svært tidleg på vg1. Det er kartlegging i matematikk og norsk.

***Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?***

Vi ser at vi ikkje har eit stort nok apparat til å ivareta elevar som slit psykisk.

***Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?***

Frå 2016 har vi teke i bruk VIP-programmet knytt til elevane sitt psykolsosiale miljø.

## 2 Evaluering av skulen sine prioriterte tiltak 2016/17

Skulen har tatt ansvar for å vurdere eigen organisasjon og resultat i lys av sentrale og lokale styringsdokument (jfr. Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet). Våre utviklingsmål for skuleåret 2016/2017 har vore «Klasseleiing», «Motivasjon og mestring» og «Vurderingskultur og vurderingspraksis».

### 2.1 Utviklingstiltak – Klasseleiing

*Målet med tiltaket er å skape eit godt læringsmiljø. Vi har tro på at måten lærer utformer sin lærarrolle er av stor betydning for om eleven kjenner seg sett, hørt, trygg og opplever mestring, både fagleg og sosialt.*

*God struktur og kommunikasjon: Planleggaren er eit verkemedel som gir god oversikt og informasjon om kva som skal skje i undervisninga i alle fag. Vi har og fortsatt med arbeid med «den gode timen»*

*Kontaktlærarforum på nivå: Kontaktlærarane har eit møtefora der leiinga er representert, og der ein kan diskutere felles utfordringar for eksempel felles trinnreglar, sosiale tiltak, faglege tiltak.*

*Basisgruppemøter: Vi har i år hatt fokus på innhaldet i desse. Klassemiljø er løftet fram som viktig og i denne delen av møtet inviterer vi tillitsvalde.*

*Fagsamarbeid: Lærarane blei hausten 2016 utfordra til å lage eit pedagogisk fagprosjekt, gjerne tverrfagleg, som var retta mot tilrettelegging i opplæring og vurdering.*

*Trivselslogg: 1 gg i månaden svarer elevene på spørsmål som går på trivsel.*

*Elevinspektøren sammenfatter resultatata og tar ein prat med kontaktlærar i etterkant (Avdelingsleiar involverast dersom behov).*

*Fokus på Yrkesrettleiing VG1; Eleven forstår samanhengen mellom eigne mål, fagplanmål, framtid.*

*Utviklingssamtalen; lage gode rutinar for gjennomføring av samtale mellom elev, foreldre og kontaktlærar.*

*Skulen har valt dette utviklingstiltaket fordi vi har registrert ei endring i elevgruppa (uro, lite fagleg fokus, ,konfliktar). Vi erfarer at det er viktig å forebygge og legge til rette for eit godt skulemiljø. Erfaringa støtter seg på forskning som seier noe om at elever som opplever tydeleg struktur og rammer, blir sett, hørt og føler seg trygge, er meir motiverte for læring*

*Det ble heldt kurs i Planleggaren for lærarane under planleggingsdagane i haust. Sidan har den einskilde lærar hatt moglegheit til å få opplæring av E- pedagog. Det har vore lagt opp til at lærarar som har gode rutinar i bruk av planleggaren har delt sin kunnskap med andre. Kontaktlærarforum ligg fast på årshjulet 3 gg i haustsemesteret for VG1, 2 for dei andre, 2 gg i vårsemesteret.*

*Når det gjeld basisgruppemøter er det 2 gg pr semester der alle lærarane som har klassen møtar.*

*Fagsamarbeid har vi hatt 5 gg i løpet av skoleåret- vi har da brukt av fellesmøtetid.*

#### 2.1.1 Korleis har leiinga følgt opp tiltaket gjennom året?

Leiinga har lagt til rette for kurs, og pedagogisk fagsamarbeid, og har etterspurt i medarbeidarsamtalen korleis lærar praktiserer bruken av Planleggaren. Informasjon om dette får vi gjerne også i Basisgruppemøte av tillitsleven.

Leiinga er til stades på alle møta. I forkant av møta har vi snakka med kontaktlærarane om kva innhaldet skal vere og kontaktlærarane er dei som kallar inn til møta og skriv referat.

#### 2.1.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

*Ja, skulen ser at lærarane blir meir trygge på korleis dei skal handtere utfordringar i klassen (diskusjonar om felles trinnreglar bl.a.). Lærarane har fora der dei kan dele erfaringar, og dei*

*kan diskutere korleis dei skal ha felles rutinar rundt konfliktløysing. Det er berre svak framgang i karakterresultata.*

### 2.1.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Måla er ikkje nådd, men vi er på god veg. Neste år vil vi leggje meir vekt på arbeidet med å skape sterke og tillitsskapande relasjonar. I tillegg vil vi søke å systematisere arbeidet med kontaktlærarar og faglærarar på VG1- nivå.

### 2.1.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

**Å jobbe for ei tydeleg klasseleing krev tydeleg leing. Klargjering av omgrep og innhald, samt at vi må snakke saman om kva som ligg i rolla «Tydeleg klasseleing» (forventningsavklaring)**

## 2.2 Utviklingstiltak – Motivasjon og mestring

*Elevane våre trivst godt på skulen (Jfr. Elevundersøkinga), men fokus er meir retta mot å ha gode venar, eit godt psykososialt miljø. Målet vårt med å satse på motivasjon og mestring, er å bidra til eit aktivt læringsmiljø, auka læringsutbytte og fullføring.*

*Tiltaka går på å bevisstgjere eleven på eigne val gjennom Start- / forventnings og Utviklingssamtale med foreldra og kontaktleiar. Vi trur og at det kan ha nytte å sette læringsmiljø tydelegare på dagsorden for klassens time og når elevtillitsvalde møter i Basisgruppemøta.*

*Vi har inneverande skoleår hatt fokus på studieteknikk; didaktisk tilærming, men erfarer at vi trenger ein meir systematisk gjennomgang og oppfølging av dette som tema på ein planleggingsdag, ein meir metodisk bevisstgjerjing av lærarpraksis.*

*Siste tiltakspunkt omhandlar varierte undervisningsmetodar; her har vi åpnet opp for deling av undervisningsopplegg i fellesmøtetida.*

*I tillegg har vi hatt temaet oppe på foreldremøte VG1 hausten 2016. Innledningsvis tok vi utgangspunkt i resultatata frå elevundersøkinga, snakka om motivasjon generelt ( viste til forskar Åge Dieseth) og problematiserte rundt utfordringa eleven møter: Korleis kunne gjennomføre «noe» du ikkje føler deg motivert for? Og svaret er i følge forskaren Sjølvkontroll- korleis jobbe for å auke denne? Kva kan lærarane bidra med og kva kan foreldra gjere for å hjelpe barna sine?*

*Tiltaka har såleis vore mange og kanskje svært ulike .Det handlar om elevsyn og elevrolla .Det handlar om samarbeid mellom skole, heim og eleven. Tema er komplekst, men vi har som skule gjennomført tiltaka som planlagt. Temaet studieteknikk ble tatt opp på planleggingsdagen om hausten, Startsamtalene ble tilrettelagt for og gjennomført i løpet av første skoleuke, Klassens time er timeplanfestet og blir stort sett brukt, tilbakemeldingar frå elevane på 4-kantmøter tyder på at lærarnes undervisning er blitt noe meir variert. Når det gjelder Utviklingssamtalen med elev, foreldre og kontaktlærar, kom vi for seint i gang med å planlegge disse dette skoleåret, men har allereie satt inn tiltak for at disse kan gjennomførast skoleåret 32016/2017(tema i kontaktlærarforum).*

**2.2.1 Korleis har leiinga følgt opp tiltaket gjennom året?**

Leiinga har initiert, tilrettelagt og følgt opp tiltaket gjennom planlagde møter med kontaktlærarar og faglærarar. Vi har og gjennomgått elevundersøking og vist til Utviklingsplan for elevrådet, og snakket med foreldra på VG1.

**2.2.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?**

Resultata av satsinga er enno ikkje synlege, men vi trur at vi er på rett veg. Vi har hatt mykje fokus på kontaktlærarar og elevar og foreldre i VG1, og håpar at dette samarbeidet vil vise resultat etter kvart. Endringar av haldningar til læring tek tålmod og tid.

**2.2.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?**

*Etter kvart som startamtaler- fagsamtaler og Utviklingssamtaler blir en naturleg del av undervisning/ vurderinga, blir både lærarar og elevar bevisste på innhald og ikkje minst framovermeldingar. Tilbakemeldingar frå elevar og lærarar tyder på at dei ser nytte av tiltaka. Elevundersøkinga viser berre lite framgang.*

**2.2.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?**

*Organiseringa har vore grei. Vi ser at innhaldet i temadag om studieteknikk ikkje var godt nok planlagd. Og vi kom «bakpå» med Utviklingsamtalen. Dette vil vi rette opp neste skoleår-*

**2.3 Utviklingstiltak –vurderingskultur og vurderingspraksis**

*Dette satsingsområdet har vi hatt i fleire år fordi vi er overtydd om at god vurderingskultur og vurderingspraksis vil gi auka læringsutbytte for elevane. Men resultata frå elevundersøkinga viste vår 2016 at dette satsingspunktet lukkast vi dårleg med, derfor holder vi på dette satsingsområdet.*

Under tiltak finner vi et ønske om å planfeste fagsamarbeid/ utviklingsprosjekt med en kollega i eit valfritt undervisningsfag. Målet er å kunne tilretteleggje for felles forståing når det gjeld innhald i kompetanssmål og vurderingspraksis, herunder tydeleg undervegspraksis. Det er og satt i gang ein støttegruppe i matematikk der involverte lærarar har hatt som mål å gje elevane meistring.

*Tilbakemeldingar frå Elevundersøkinga og frå tillitselevar i 4- kantmøta tyder på at lærarane har ulik praksis ved gjennomføring av fagsamtalen og Utviklingssamtalen. Fleire elevar gir melding om at de får vite korleis de ligger an fagleg, men de får ikkje gode og tydelege framovermeldingar slik at de blir motiverte til å bli betre.*

*Organisering av tiltaka har vore slik dei var planlagd jamfør Årshjul og oppgaver fitt på planleggingsdagar. Det har vore tilrettelagd for samarbeidstid og deling.*

--

### 2.3.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Leiinga har følgd opp tiltaka i tråd med planar og har tatt opp tema i medarbeidersamtalen. Tilrettelegginga har vore grei, men tilbakemeldingar frå lærarar (skriftleg evaluering) er at dei har fått for liten tid til fagsamarbeid,

### 2.3.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Skulen har evaluert tiltaket og lærarane tilbakemelder at dei må ha meir fagsamarbeidstid. I tillegg vil leiinga legge til rette for ein gjennomgang av fagsamtalen der vi ser på gode eksemplar (kome fram i 4- kantmøte).

### 2.3.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Resultata frå elevundersøkinga tyder på at vi ikkje har nådd måla med tiltaka. Tilbakemeldingar frå 4- kantmøte gir likevel eit meir nyansert bilete. Noen lærarar praktiserer gode fagsamtaler og gir elevane gode framovermeldingar, medan andre lærarar ikkje heilt ser verdien i tiltaket, og såleis følgjer ikkje opp på same måte.

### 2.3.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

*I evalueringa av tiltaket, kjem det fram at lærarane ser på dette som viktig, men at dei menar at elevar i nokre tilfelle ikkje er klar over at dei har fått ein tilbakemelding på arbeid som dei har levert til vurdering. Lærarane bruker mykje tid på vurdering, men opplever ikkje at eleven tar vurderinga alvorleg. Eleven er opptatt av karakteren, og ikkje så mykje om kva type «feil» eller manglar dei må jobbe med. Tilbakemeldingar frå einskildelevar tydar på at vurderingskriteriane ikkje er gjort kjend for elevane på førehand. Leiinga konkluderer med at vi må jobbe meir med å få til ein felles vurderingspraksis, kanskje med utgangspunkt i «Omvendt læring», men i alle høve må omgrep som vurderingskriterier og framovermelding inn som naturlege element,*

## 3 Prosess knytt til skuleutvikling i lys av styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet

### 3.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?

*Vår tilstandsvurdering byggjer m.a. på resultat og bearbeiding av Elevundersøkinga, og evaluering av skoleåret. I tillegg hentar vi ut informasjon frå 4- kantmøta, frå kontaktlærarforum og Basisgruppemøta og frå medarbeidersamtalar. Leiinga har som mål å komme ut i klasserommet, og har inneverande skoleår følgd undervisning i fleire klassar etter avtale med lærarane.*

### 3.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?

Resultata frå Elevundersøkinga er oppsummert og gått igjennom med lærarane, og med elevane på klassenivå og på elevrådsnivå. Alle har fått dei same spørsmåla å jobbe med sett i lys av resultata (Hvilke områder skårer klassen godt på?, hvilke skårer de dårlig på? Ser dere noen nye satsingsområder som utkrystalliserer seg? Dersom vi skal ha same satsingspunkt skoleåret 2016/2017, blir spørsmålet om det er andre tiltak som dere ser kan gi betre resultat?)

Når lærere og elever har gått igjennom disse spørsmåla kvar for seg, har de møtt til felles diskusjon. Leiinga har da satt saman klasseteam (kontaktlærer og faglærer) og i tillegg møter tillitselevne. Grappa leverer inn et skriftlig referat til avdelingsleiar.

Resultata frå Lærarundersøkinga har gitt oss andre tilbakemeldingar som leiinga vil jobbe vidare med. Her kan nemnast behov for å jobbe med kommunikasjonskanalar (It`s learning, Planleggjaren). Dei peker m.a. behov for tydelegare rutinar ved elevkonfliktar- elev-lærarkonfliktar. Lærarane ga positive tilbakemeldingar på plan for skolestart 2016, og at må komme tidleg i gang med planlegging av Utviklingssamtalane. Ut i frå tilbakemeldingar blir det gjort endringar i årshjul, og i planleggings- og tilretteleggingspraksis.

### **3.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?**

**Som nemnd ovanfor, deltek elevar og lærarar i evalueringsprosessane. Resultata av diskusjonsmøter blir oppsummert for lærarane og elevane i fellesmøter/ klassens time. Det blir gjort endringar i årsplanar og årshjul i etterkant. Tema for planleggingsdagane er Utviklingsplanen og satsingspunkt- og vi drøftar korleis vi skal jobbe med satsingsområda.**

### **3.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?**

Resultata frå elevundersøkinga gir oss et bilete av at elevane er nøgde med muligheter for elevmedverknad. Elevar og tillitsvalde er involverte i arbeidet med resultatet frå Elevundersøkinga, dei deltek aktivt i 4- kant-møta og i Basisgruppemøta. Det leggjast opp til at elevar og kontaktlærer skal samarbeide om innhaldet i klassens time. Elevne har sin eigen skoleavis «Do-nytt» som blir hengt opp en gg pr. måned på do-dørene.

### **3.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?**

TTT (demokratiske prosessar tar tid).Haldningsendringar tar tid, felles omgrepsforståing er viktig og tar tid.

### **3.6 Gi ei samla vurdering av skulen sitt utviklingsarbeid i lys av forventningar i styringsdokumentet.**

Dei tre satsingsområda våre i Utviklingsplanen tar for seg kompetanseområder som kvar for seg og samla støtter opp under vår felles målsetting «auka læring og fullføring». Kikkar vi i NOU 2015:8 om «Fremtidens skole», dekker vi bare inn halvparten av kompetanseområda. I tillegg til de vi har vald, kommer et 3. punkt «Kompetanse for å kommunisere, samhandle og delta» og et 4 punkt «Kompetanse i å utforske og skape». Sistnemnde kan gjerne puttast inn som tiltak under vårt satsingspunkt Motivasjon og mestring .

Leser vi Rapporten fråfall i vidaregåande opplæring (Lillejord m.fl.),kan vi sjå eksemplar på fleire tiltak som kan puttast inn under vårt 1 satsingspunkt Klasseleiing. Her nemnast kor viktig det er å skape gode tillitsskapande relasjonar, god kontakt mellom nivåa, brei oppslutnad blant deltakarane, Intervensjon så snart problemområde er definert, Systematikk både i planleggings- og iverksettingsfasen – og oppfølging.

## 4 Ope felt - valfritt

Ope felt for skulen til å rapportere på valfritt tema.